

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Tidleg innsats



### Sande Kommune

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «*Tidleg innsats- Sande kommune*».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemد, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 29.09.17

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhald

SAMANDRAG .....	5
Tilstanden ved barnehagane:.....	5
Tilstanden ved skulane:.....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen? .....	5
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov? .....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift? .....	8
Anbefalingar:.....	8
1 INNLEIING .....	9
2 Målsetting og problemstilling .....	9
3 Revisjonskriterium.....	9
3.1 Innleiing .....	9
3.2 Kjelder til kriterium.....	9
4 Metode og gjennomføring .....	10
4.1 Dokument.....	10
4.2 Verifisering av data.....	11
4.3 Avgrensing .....	11
5 Oppvekst- og kultursektoren i Sande .....	11
5.1 PPT .....	11
5.1.2 Grunnskulen .....	11
5.1.3 Barnehage .....	11
6 Problemstilling 1.....	12
6.1 Revisjonskriterium .....	12
6.1.1 Opplæringslova med føringer: .....	12
6.1.2 Barnehagelova:.....	13
6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:.....	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen.....	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen.....	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn.....	17
6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen.....	17
6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:.....	18
6.4.1 Nasjonale prøver .....	18
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen .....	19
6.4.3 Leksehjelp.....	20
6.5 Vurdering: Tilstanden ved skulane i kommunen.....	21

6.6 PPT sitt arbeid knytt til tidleg innsats:.....	21
6.6.1. Fakta .....	21
6.6.2 Vurdering: Systemretta og førebyggjande arbeid i skulen og barnehage: .....	23
6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule: .....	24
6.7.1 Fakta .....	24
6.7.2 Vurdering skriftelege prosedyrar: .....	26
6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule.....	26
6.8.1 Fakta .....	26
6.8.2 Vurdering.....	27
6.9 Konklusjon:.....	27
7 Problemstilling 2.....	28
7.1 Innleiing: .....	28
7.2 Revisjonskriterium:.....	28
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule.....	28
7.2.2 Oppsummert: .....	29
7.3 Overgangsplan mellom barnehage og skule .....	29
7.3.1 Fakta: .....	29
7.3.2 vurdering: .....	30
7.4 Samarbeid mellom barnehage og skule.....	30
7.4.1 Fakta: .....	30
7.4.2 vurdering: .....	31
7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette .....	31
7.5.1 Fakta: .....	31
7.5.2 Vurdering: .....	32
7.6 Konklusjon .....	32
8 Problemstilling 3.....	33
8.1 Revisjonskriterium:.....	33
8.2 Fakta .....	33
8.2.1 Saker og tilvisingar.....	33
8.2.2 Sakshandsamingstid og venteliste .....	34
8.3 Vurdering.....	34
8.4 Konklusjon .....	34
9 Anbefalingar: .....	35
10 Tilbakemelding frå rådmannen: .....	35
11 Revisjonen sin kommentar:.....	37

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

### Tilstanden ved barnehagane:

Kommunen hadde ikkje pr 2016 venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med ped. leiar utdanning. Einingane bekreftar dette og at det kan vere utfordringar med rekruttering av kompetent personell.

Sande hadde under gjennomsnittlege driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen, men derimot ein høg andel barn som fekk ekstra ressursar (20,8%) i 2015. Dette kan tyde på at ein i Sande har ein høg del barn som får ekstra ressursar, men at desse ikkje er veldig ressurskrevjande. Sande hadde over gjennomsnittleg høg andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der berre Hareid og Herøy hadde ein høgare andel.

### Tilstanden ved skulane:

3,8% av elevane i Sande tok i mot spesialundervisning i 2016. Dette er under gjennomsnittet for nabokommunane, og fylkesgjennomsnittet. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Sande.

### Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilmelding til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.	 Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT gjennomfører førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane på fleire måtar. Tilbakemeldinga frå einingane viser at dei både er flinke og engasjerte.
2	Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheter.	 Skulane har eigen plan for å sikre god leseutvikling som inneholder oversikt over kartleggingsrutinar knytt til leseutvikling, matematikk og sosial kompetanse. PPT er også inne i førsteklasse og observerer for å fange opp elevar med svake ferdigheter.  I 2017 er det 4 av skulane i kommunen som nyttar PALS ( <i>Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling</i> ) i skulekvardagen. Tilbakemelding frå einingane viser at innsatsmodellen har vore med å betre læringsmiljø og trivsel, noko som kan ha positiv innverknad på elevane mht. tidleg innsats

3	Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.	 	<p>Kommunen har skriftelege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. PPT er også inne i førskulegruppa og observerer for å fange opp born/elevar med svake ferdigheter .</p> <p>Kommunen har fått utarbeida prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder. Dokumentet inneholder prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. oppmelding til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i liten grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å få implementere desse prosedyrane i større grad ute på einingane.</p> <p>Kommunen har også i samarbeid med PPT utarbeida plan for kartlegging og oppfølging i barnehagen for å sikre god utvikling av språk og sosial kompetanse i barnehagen. Tilbakemelding frå barnehagane viste at planen er eit godt verktøy, men at barnehagane ønskjer meir opplæring i dei ulike kartleggingsverktøya som går fram. Utan den nødvendige opplæringa/kompetansen vel barnehagane vekk dei kartleggingsverktøya ein ikkje føler seg trygge på og nyttar dei ein har god kjennskap til. Dermed får ein ikkje maksimal effekt av planen og spesielt i barnehagane med låg kompetanse kan dette vere ei utfordring. Det er derfor viktig at kommunen og PPT instruerer og rettleiar i dei ulike kartleggingsverktøya ved behov.</p>
4	Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		<p>Skriftelege rutinar som omfattar dette ligg føre, og tilbakemelding frå både skule/barnehage bekreftar at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak (jfr prosedyre for den einskilde elev/barn og kartleggingsplan både i skulen og i barnehagen).</p>
5	Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		<p>Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT som godt. PPT deltek på mange forskjellige arenaer både i skulen og i barnehagane og driv med systematisk og førebyggjande arbeid både på overordna nivå og ute på einingane. PPT har ikkje faste møtetider i skulane og barnehagane, men einingane har gitt tilbakemelding om at PPT er lett tilgjengelege og kjem raskt i gong ved individssaker og at dei på relativt kort varsel stiller opp med kurs og møter om det er ønskje om det.</p> <p>Det er derimot eit ønskje frå fleire av barnehagane om eit tettare samarbeid mellom PPT og barnehagen spesielt med tanke på opplæring og drøfting av utfordringar i kvar dagen. Eit slikt arbeid er viktigast i dei barnehagane med låg fagleg kompetanse, og kan vere med å sikre ei betre kvalitet på barnehagetenesta og då spesielt mht. å fange opp born med vanskar så tidleg som mogeleg.</p>
6	Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veke gratis leksehjelp for elevar.		<p>Revisjonen vurderer rettleiarene slik at skulen skal tilby 8 timer kvar veke og at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved dei fleste skulane blei det tilbydd leksehjelp i grupper 2-3 timer i veka</p>

Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		<p>der fleire klasser deltok (hovudsakelig 1.-4. klasse). Kommunen har ved dei fleste skulane tilfredstilt krava i høve antal timer leksehjelp i veka, då små elevgrupper gjer det forsvarleg å gjennomføre felles økter med ulike klassetrinn. Gjerdsvik oppvekstsenter tilbydde leksehjelp to timer i veka til 2.-4. klasse (tot. 6 timer i veka) og dette skuldast at skulen ikkje hadde førsteklassingar dette året.</p> <p>Kommunen bør også vurdere om det er mest hensiktmessig å gjennomføre leksehjelpa på barneskulane i småskulen (1.-2. klasse) eller om leksehjelpa kan ha større effekt på mellomtrinnet eller i storskulen. Erfaringar fra andre kommunar og NOVA Rapport 6/2013 (Evaluering av leksehjelptilbuddet 1.-4. trinn sluttrapport) viser at ein såg større nytte av leksehjelp etter 2.klasse.</p>
---	--	--

## Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	<b>Revisjonskriterium</b>		<b>Kommentar</b>
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synliggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har utarbeida ein skrifteleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule.
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	 	<p>Tilbakemeldingane frå einingane viser at dei stort sett opplever samarbeidet mellom barnehage og skule som godt. Geografisk nærleik og overgangsplan mellom barnehage og skule blei peikt på som viktige faktorar for at dette arbeidet fungerer godt.</p> <p>I høve forbettingspunkt blei det frå ein barnehage peika på at skulane må sikre at planen vert følgt og prioritert, då ein kunne oppleve at førskulen og aktivitetar knytt til denne ikkje blei prioritert av skulane.</p> <p>Kommunen bør vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved endt førsteklassestrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det.</p> <p>Ut i frå tilbakemelding frå einingane skjer samarbeid og dialog mellom barnehage og skule hovudsakelig mellom rektor og styrar. Kommunen bør også vurdere om ein i større grad enn tidlegare bør prøve å involvere komande kontaktlærar meir i overgangsaktivitetane mellom barnehage og skule då det gir vedkomande moglegheit til å kunne bli kjend med framtidig klasse og kunne gjere vurderingar tidleg i høve tilpassing av klassemiljø og undervisning. Dette forutsett at ein tidleg får avklart kven som skal være kontaktlærar.</p>
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		<p>Tilbakemelding frå einingane viste at alle førskulebarna hadde siste åra gått i barnehage. Det blei også trekt fram at små lokale forhold gjer at skule og barnehage har god oversikt over barna i kommunen.</p> <p>Det gjekk derimot ikkje fram av kommunen sin skriftlege overgangsplan rutinar i høve å fange opp barn som ikkje går i</p>

			barnehage. Kommunen bør derfor implementere dette i overgangsplanen slik at det er tydeleg kven som skal undersøke og invitere førskule born som eventuelt ikkje går i barnehage.
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.		Det går fram av kommunen sine skriftlege rutinar at barnehagen skal innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

### Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.	<p>Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging.</p> <p>Eininga rapporterte ikkje om venteliste og nye saker vert tatt fortløpande, men det blei påpeika at ferieavvikling kan påverke sakshandsamingstida.</p> <p>Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk i høve sakshandsamingstid frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet</p>

### Anbefalingar:

- Kommunen bør vurdere om det skal oppretta faste møtepunkt mellom barnehageeiningerne og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
- Kommunen bør sette i verk tiltak for å få implementere prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder i større grad ute på einingane (barnehagane).
- Kommunen bør i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

# 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i kommune gjorde vedtak i sak 06/17 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og om ein kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein bl.a har sett på omfang av spesialundervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar resultat frå nasjonale prøver. Ein har i den samanheng samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre

# 2 Målsetting og problemstilling

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

- 1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- 2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**
- 3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

# 3 Revisjonskriterium

## 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

## 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Opplæringslova:**  
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og voksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- Barnehagelova:**  
**17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.**  
Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen fra barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samanheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.

- **Forvaltningslova:**

Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 Om «*saksforberedelse ved enkeltvedtak*». Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjonsoverføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskritereia vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi vil basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, skuleleiinga, og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil også vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til rektorane og barnehagestyrarane for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. tidleg innsats i barnehage og skule. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar PPT
- Interne rutinar skule og barnehage

## 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt over til rådmannen for uttale 02.11.17. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

## 4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og skule Sentrale lover er barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage og skule som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har valt og halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

# 5 Oppvekst- og kultursektoren i Sande

## 5.1 PPT

Sande kommune har felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Vanylven kommune. På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda/Ulstein og Hareid no felles PPT Herøy kommune har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. PPT for Sande og Vanylven er ikkje ei gjennomgående teneste. I kommunen si PP-teneste jobbar ein med born frå 0-16 år, altså ut grunnskulen. Dette har samanheng med at kommunen ikkje lenger har vidaregåande skule (Vanylven sorterer under Herøy). PPT i Sande/Vanylven har 3,4 fagstillingar.

### Årsmelding 2016

PPT opplever at det er utfordringar for små læringsmiljø å ha kapasitet på å utvikle og halde ved like spesialpedagogisk kompetanse for å stette behova til barn med særleg behov.

Mange barn med anna morsmål enn norsk gir ulike utfordringar knytt til morsmålsopplæring, kulturforskellar, kommunikasjon og vanskar med kartlegging.

### 5.1.2 Grunnskulen

Grunnskulen i Sande består av 5 skular : Larsnes skule, Gursken oppvekstsenter, Gjerdsvika skule, Kvamsøy barne og ungdomsskule og Sandsøy barne og ungdomsskule. For skuleåret 2015/16 omfattar dette 273 elevar der 181 er knytt til 1-7 årstrinn og 92 er knytt til 8-10 årstrinn.

### 5.1.3 Barnehage

I Sande kommune er det 5 barnehagar. 4 barnehagar er kommunale: Gjerdsvika barnehage, Haugelia barnehage, Sandsøy barnehage Kvamsøy barnehage, medan Hauemarkja barnehage på Larsnes er privat.

## 6 Problemstilling 1

**Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

### 6.1 Revisjonskriterium

#### 6.1.1 Opplæringslova med føringar:

##### **§ 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats**

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.*

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

*«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.*

*PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkyndig vurdering i de tilfeller loven krever det.*

*PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidlig skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»*

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidlig innsats betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidlig innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdighetene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.*

*Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.*

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

#### **§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen**

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timer kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.*

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.*

*Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilboden som gis.*

#### **6.1.2 Barnehagelova:**

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilført eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp. Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlige behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

#### **§1 Forskrift om pedagogisk bemanning**

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

#### **§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste**

*Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkyndig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagede sakkyndige vurderinger.*

*Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagertilbudet for barn med særlige behov.*

## Oppsummering

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilmelding til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheter.
- Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/elev tilfredstilende utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

## 6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:

### 6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad mht. barnehageplass og pedagogtettheit i barnehagane.

**Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.**

**Sande kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.**

2016	Sande	Ullstein	Vanylven	Herøy	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	86,5	98,4	91,1	95,3	87,1	98,4	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	75	90,5	77,5	87,8	80,9	89,1	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	92	103,6	97,6	100	91,4	104,4	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Sande kommune låg under fylke- og landsgjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass og lågast av kommunane på Søre Sunnmøre. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringar låg Sande under fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet, samt kommunane på Søre Sunnmøre. I høve andel barn i alderen 3-5

år låg kommunen også der under gjennomsnittet for fylke og landet. Generelt såg ein at 25% av foreldra hadde borna heime i alderen 1-2 år, medan fleirtalet av borna mellom 3-5 år gjekk i barnehage.

**Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2.****Sande kommune i perioden 2010-2015.**

Sande	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,6	86,3	81,2	76,6	79,6	85,6	86,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	77,1	70	68	61,4	66	62,2	75
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	94,5	97,3	89,7	85	89,4	100	92

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser variasjon i utviklinga der kommunen hadde generelt sett ein nedgang i 2013-2014. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden lågast i 2013 (76,6%), og gjekk ned ca 10 prosentpoeng frå 2010, då den var på sitt høgaste. I 2016 var andelen på 86,5%

**Tabell 3. Barn på venteliste**

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8		135 2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste henta frå KOSTRA. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjustjerna som har rapportert om venteliste i 2016. Tilbakemelding frå einingane i Sande kommune bekreftar at ein ikkje hadde venteliste i kommunen.

**Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:**

Sande kommune 2010-2016.

Sande	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	30	25	26,8	19,4	19	30,4	22
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	2,5	7,5	7,3	22,2	19	13	..
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	92,3	71,4	76,9	50	57,1	76,5	60
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	20	40	40	60	60	40	..
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	0	0	22,2	33,3	..	..
Ansatte i alt alle barnehager	40	40	41	36	42	46	41
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	12	10	11	7	8	14	9
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	1	3	3	8	8	6	..
Antall styrere alle barnehager	5	5	5	5	5	5	5
Pedagogiske ledere alle barnehager	8	9	8	9	9	12	10

Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning har variert i perioden og auka frå 19% i 2014 til 30,4% i 2015 og redusert til 22% i 2016. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane hadde 9 av 41 tilsette barnehagelærarutdanning i 2016.

Ser ein på tilsette med pedagogisk utdanning som oppfylte utdanningskravet til ped.leiar ser ein at dette auka frå 2,5% i 2010 til 22,2% i 2013. Deretter gjekk andelen ned i 2014 (19%) og 2015 (13%). Dette er lågt, og ein har fått tilbakemelding med styrarar og kommunen at det er ei utfordring å rekruttere kvalifisert personell. Ser ein på andelen pedagogiske leiarar opp i mot andelen med tilfredstillande ped.leiar utdanning hadde 6 av 12 denne utdanninga.

## 6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen og går fram i tabellen nedanfor.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsern	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6

Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 66 000kr. Sande brukte 57 000kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag i statistikken.

Ein såg store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%),

Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrerte ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

Hareid og Sande hadde som nemnt ovanfor høgaste andelen med førskulebarn som fekk ekstra ressursar. Vanylven og Ørsta hadde lågast. Ser ein dette i samanheng med tabellen under kapittel 6.4.2 (spesialundervisning) hadde Hareid og Sande ein lågare andel elevar på ungdomsskulen som fekk spesialundervisning i forhold til nabokommunane og fylket. I Vanylven, Volda og Ørsta såg ein derimot lite tiltak i småskulen og ein høg andel elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen. Det er derimot ikkje gått nærmare inn på kva som er grunnen til dette, men isolert sett for kommunane på Søre Sunnmøre er det interessant sjå at dei kommunane som kjem i gong med tidleg innsats har ein reduksjon i andelen elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen i høve gjennomsnittet. Herøy følgjer derimot ikke denne utviklinga, men det skal nemnast at dette kan skuldast at kommunen har hatt større fokus på tidleg innsats dei siste åra, og at elevane som no er på ungdomstrinnet er resultatet av tidlegare praksis.

### **6.2.3 Minoritetsspråklege barn.**

Alle elever har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eigne vilkår og behov. Ein skule basert på likeverd føresett at alle elever får de same mulighet til å utvikle seg.

Minoritetsspråklige barn/elever er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn gir ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråkelege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

<b>Minoritetsspråkelige barn 2015</b>	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvanderbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor del av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17%, men Sande og Ulstein hadde også ein høg del med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 %, medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

### **6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen**

Kommunen hadde ikkje venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med ped. leiar utdanning. Einingane bekreftar dette og at det kan vere utfordringar med rekruttering av kompetent personell.

Sande hadde under gjennomsnittlege driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen, men derimot ein høg andel barn som fekk ekstra ressursar. Dette kan tyde på at ein i Sande

har ein høg del barn som får ekstra ressursar, men at desse ikkje er veldig ressurskrevjande. Sande hadde over gjennomsnittleg høg andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der berre Hareid og Herøy hadde ein høgare andel.


## 6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:

### 6.4.1 Nasjonale prøver

Innleiingsvis har vi sett nærmare på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna nabokommunane opp i mot kvarandre, samt opp i mot fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmare på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1-4 klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå :Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

**Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**


#### Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Sande (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**


#### Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Sande (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**

#### Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Som det går fram av figurane ovanfor er enkelte av åra merka med \*. Desse er ikkje publiserte fordi dei er unнатake offentlighet. Eit anna moment som det ikkje er teke høgde for er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil gi utbytte i læringssamanheng. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk og rekning. For engelsk såg ein ei positiv utvikling på mestringsnivå 3 frå skuleåret 14-15 til 15-16. Men ein såg ei negativ utvikling frå skuleåret 15-16 til 16-17 (nedgang frå 36,4% til 21% på mestringsnivå 3). For rekning såg ein ei markant auke i elevar på mestringsnivå 1 frå skuleåret 14-15 (20,8%) til 15-16( 40,9%) og ei tilsvarende nedgang på mestringsnivå 2. Generelt for alle tre åra såg ein en nedgang i andel elevar på mestringsnivå 3.

For lesing låg det berre talmateriale for skuleåret 2014-15. 33,3 % av elevane var på mestringsnivå 1, 41,7 % på mestringsnivå 2 og 25% på mestringsnivå 3.

#### 6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen


Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 3,8% av elevane i Sande tok i mot spesialundervisning i 2016 dette er ein nedgang frå 2015 der 4,4% av elevane tok i mot spesialundervisning. 4,4% er under gjennomsnittet for nabokommunane, fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet. Andel årstimer til spesialundervisning av totale lærartimar var 11,3% og lågast av alle nabokommunane forutan Vanylven (10%) og godt under fylkesgjennomsnittet.

År 2016	Sande	Vanylven	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	3,8	8,2	6,6	6,7	5,7	7,8	7,3	8,6	7,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	2	3,4	4,3	5,1	4,6	5,4	4,4	6,6	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	4,1	11,4	5,4	8,3	8,9	9,3	7,4	9,4	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	5,4	10,6	10,7	7	3,6	9,7	11,1	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	11,3	10	16,2	19,3	21,8	25,3	15,2	18,8	17,5

#### Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får

spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småkulen i dei fleste kommunane. I Sande ser ein også denne tendensen. Der ein ser ei auke i andel spesialundervisning i storskulen og på ungdomstrinnet samanlikna med småkulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ei auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har effekt, eller at ein ikkje kjem i gong med spesialundervisninga før.

#### 6.4.3 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Det skal bli gitt tilbod om minimum åtte timar kvar veke og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor ved alle skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Ved Sandsøy og Kvamsøy skule har ein fått tilbakemelding om at det blir tilbydd leksehjelp i 1.-4. klasse 3 timer i veka. Ved Larsnes skule blir det tilbydd leksehjelp til 1.-4. klasse 2 timer i veka. Ved Gjerdsvika oppvekstsenter blir det tilbydd leksehjelp til 2.-4. klasse to timer i veka (hadde ikkje 1. klasse), medan med Gursken oppvekstsenter blir leksehjelpa gjennomført i to grupper (1.-4. klasse og 5.-7. klasse) der dei to gruppene får to timer kvar i veka. Det blei opplyst om varierande oppmøte på leksehjelpa og at den i stor grad blir utført av lærar eller eventuelt assistent.

Det blei stilt spørsmål om det er lagt til rette for god informasjonsoverføring mellom den som utfører leksehjelpa og kontaktlærar i klassene, samt til foreldre føresette. Ein har fått tilbakemelding om at det ikkje ligg føre skriftelege rutine knytt til dette, men at små elevgrupper og få tilsette gjer at ein har god oversikt, samt at ein har uformell dialog gjennom veka mellom lærarane/assistentane. Informasjonsoverføring til føresette blir i hovudsak gjort gjennom foreldresamtale der ein tek opp eventuelle utfordringar.

## 6.5 Vurdering: Tilstanden ved skulane i kommunen

Oversikta viser at 3,8% av elevane i Sande tok i mot spesialundervisning i 2016. 3,8% er under gjennomsnittet for nabokommunane, og fylkesgjennomsnittet. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Sande.

Ved skulane blir leksehjelpa gjennomført i grupper der fleire klasser deltek. Reknar ein antal klasser som får tilbod om leksehjelp har nesten alle skulane tilfredsstilt kravet om 8 timer leksehjelp. Ser ein derimot på antal timer som blir tilbydd totalt. Har ingen av skulane tilfredsstilt krava. Revisjonen vurderer rettleiaren slik at skulen skal tilby 8 timer kvar veke og at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ein meiner derfor at kommunen har tilfredsstilt krava i rettleiar i høve antal timer leksehjelp i veka, då små elevgrupper gjer det forsvarleg å gjennomføre felles økter med ulike klassetrinn.

Kommunen bør også vurdere om det er mest hensiktssmessig å gjennomføre leksehjelpa på barneskulane i småskulen (1.-2. klasse) eller om leksehjelpa kan ha større effekt på mellomtrinnet eller i storskulen. Erfaringar frå andre kommunar og NOVA Rapport 6/2013 (Evaluering av leksehjelptilbudet 1.–4. trinn Sluttrapport) viser at ein såg større nytte etter 2.klasse.

Ei problemstilling ein ikkje har kontrollert i denne samanheng er om leksehjelpa vert organisert som ein del av SFO. Her vil revisjonen berre minne kommunen om at ein ikkje kan ta betalt for den tida eleven får leksehjelp etter forskrifta.

## 6.6 PPT sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

### 6.6.1. Fakta

I samtale med PPT fekk ei oversikt med PPT i høve det arbeidet ein gjer knytt til tidleg innsats i Vanylven og Sande:

Kva	Ansvarleg	Frist innan
Observasjon og refleksjon i barnehagen om førskulegruppa for å fange opp og bistå personalet i tiltak som kan setjast i verk tidleg knytt til gruppa	PPT	Januar
Observasjon og refleksjon i 1 klasse for å fange opp og bistå personale i tiltak som kan setjast i verk tidleg	PPT	November-januar
Tverrfageleg møte i barnehagane med refleksjon på tidleg innsats og andre tema som kan virke fremjande for tidleg innsats, einskildsaker kan drøftast med samtykke frå foreldre	Ressursgruppe Tverrfageleg team	2-3 gongar i året
PPT kan nyttast utan formell tilmelding opptil 2 gangar i samesak med samtykke frå foreldre	PP-leiar	Etter møteplan
PP-leiar deltek i ressursgruppe og TFT (tverrfageleg team)i kommunane for å kunne jobbe førebyggjande og fremje tidleg tiltak i befolkninga	PP-leiar	Etter møteplan eller innkalling

PP-leiar deltek i syrar og rektormøter	Kommunalsjef og PPT	oktober og mars
Tilbod om PMTO til foreldre	Foreldre bestiller	Kontinuerleg
Ope kurstilbod til foreldre under skulealder	PPT	Etter bestilling
Nettverk PALS barnehage og skule for dei som er med	PALS rettleiar på PPT	4-5 ganger i året
Rask oppstart av saker. Sakshandsamar sett på saka fortløpande	PP-leiar/rådgjevar	Oppstart innan 14 dagar utanom feriane. Kontinuerleg
Styrking av kompetanse på spesifikke tema	Kommunalsjef og PP-leiar	Årleg vurdering

I tillegg til oversikta har ein vore i kontakt med barnehagar og skular for å få ein stadfesting på det arbeidet som blir gjort ute på skulane og i barnehagane. Dette går fram i kapittel 6.5.2 og 6.5.3 nedanfor.

### **Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skulen:**

Ein har hatt samtale med leiar for PPT, rektorar ved skulane og styrarar ved barnehagane i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid PPT deltek på og gjennomfører i kommunen.

I Sande er alle barnehagane og 4 av skulane med i PALS-nettverket og det vert gjennomført fleire nettverksmøter i løpet av året. Ein har fått tilbakemelding frå rektorar/styrarar om at PPT er dyktige på dette feltet og har hatt ein svært sentral plass i innføringa av dette nettverket på einingane i kommunen.

Det blir gjennomført pedagogiske nettverk der både barnehage, skule, PPT og skuleleiinga deltek. På desse nettverksmøta er emne som god overgang mellom barnehage og skule, samt fokus på tidleg innsats sentrale tema. Tilbakemelding frå einingane og spesielt barnehagane er at det er positivt at PPT deltek på desse slik at ped.leiarane har ein fageleg arena. Det blei etterlyst meir bruk av tverrfageleg arbeid/samarbeid der helsestasjon, PPT, barnevern vert inkludert, og at dette kan vere med å utvikle dei tilsette i barnehagane og skulane fagleg. Dette arbeidet retta mot barnehagane blei starta opp hausten 2016.

PPT deltek også på rektor og styrarmøter og ein får derfor tett dialog med skule- og barnehageleiinga. PPT deltek også på «Vurdering for læring» i Sande skulen. Dette er interne personalmøter i skulen der PPT har vore inne og heldt foredrag. Dette blir gjennomført 5 dagar på hausten og 4 dagar resten av året når elevane er borte frå skulen.

PPT gjennomfører observasjon og refleksjon i 1. klasse for å fange opp og bistå personalet i tiltak som kan setjast i verk tidleg. Dette blei bekrefta av rektorane i kommunen. PPT er også inne i førskulegruppa i barnehagane og observerer arbeidet og gir tilbakemelding på arbeidet som blir gjort av ped.leiar.

PPT opplyser at ein også prøver å vere ute med ressursteam på barnehagane (3 gonger så langt i 2017) i dei to kommunane (Sande og Vanylven). Det blei gitt tilbakemelding om at dette arbeidet har stranda litt i Sande pga. utskifting av leiarar.

Som det går fram deltek PPT på fleire områder og arenaer. Dette arbeidet er hovudsakeleg på overordna og systemnivå. I høve dagleg kontakt og førebyggjande arbeid ute på einingane, har barnehagane og skulane gitt tilbakemelding på at ein ikkje har nokon fast kontaktperson i PPT og ikkje noko kontinuerleg oppfølging på kvar enkelt eining utanom når ein har konkrete tilmeldte saker. Ein har derimot fått tilbakemelding om at PPT er veldig tilgjengelige og ein får raskt kontakt med dei om ein har spørsmål, bekymringar eller utfordringar. Einingane informerte også om at PPT villig stiller opp på kurs, foreldremøter om einingane ønskjer det.

Ved enkelte barnehagar fekk ein tilbakemelding om at ein kunne ønske eit tettare samarbeid med PPT med faste møtepunkt der ein kunne drøfte utfordringar i kvardagen, spesielt i dei barnehagane med låg kompetanse.

Vidare i høve sakshandsamingstida har ein generelt sett fått tilbakemelding på at einingane er nøgd med sakshandsamingstida knytt til tilmelding og kartlegging ved sakkyndig vurdering, men at enkelte av einingane rapporterte om lang sakshandsamingstid i samband med kartleggingsarbeidet i enkelte saker. Det blir trekt fram at PPT er spesielt raske med å få i gong og gjennomføre oppstartsmøte (1-2 veker) og at ein er raske i å prøve ut tiltak også før tilmelding. Ofte har borna/elevane fått sett inn tiltak innanfor den ordinære undervisninga før PPT startar sitt kartleggingsarbeid.

Ein fekk inntrykk av at alle skulane stort sett opplever samarbeidet med PPT som godt og ein har god dialog med PPT om korleis ein kan kartlegge sjølve, og prøve ut tiltak innanfor den ordinære undervisninga, før ein tilmeld.

### **6.6.2 Vurdering: Systemretta og førebyggjande arbeid i skulen og barnehage:**

Samtale med PPT leiar og oversending av skriftelege rutinar viser at PPT bidreg til tidleg innsats på fleire områder og nivå med systemretta og førebyggjande arbeid i både skule og barnehage.

Tilbakemelding skular og barnehagar viser at PPT er flinke og engasjerte, og driv med systemretta og førebyggjande arbeid ved barnehagane og skulane i kommunen på fleire måtar. PPT har ikkje faste møtetider i skulane og barnehagane, men er raskt tilgjengelige når dei får henvendelse frå einingane. Det er derimot eit ønskje frå fleire av barnehagane om eit tettare samarbeid mellom PPT og barnehagen spesielt med tanke på opplæring og drøfting av utfordringar i kvardagen. Eit slikt arbeid er viktigast i dei barnehagane med låg kompetanse, og kan vere med å sikre ei betre kvalitet på barnehagetjenesta og då spesielt mht. å fange opp born med vanskar så tidleg som mogeleg.

Kommunen har starta opp arbeidet med tverrfageleg team, men fleire av barnehagane ønskjer meir bruk av dette. Sande kommune bør vurdere og i større grad nytte tverrfageleg team bestående av bl.a. PPT, barnevern, fysioterapi, helsestasjon, barnehage og skular opp i mot tidleg innsats. Dette kan vere med å gi dei tilsette verdifull informasjon og mulighet til å raskare sette i verk tiltak i kompliserte saker der fleire einingar er involvert og skreddarsy eit opplegg for barna/elevane. Eit anna viktig område dette teamet kan bidra på og som ein har fått positive tilbakemeldingar frå Vanylven er å tilby foreldremøter både i barnehagane og skulane der dei ulike einingane deltek og informerer om sine tenester. Dette kan bidra til foreldre og føresette får eit betre og meir korrekt bilde av dei ulike tenestene og kan bidra til betre samarbeid mellom foreldre/føresette og dei ulike einingane/tenestene.

I høve sakshandsamingstida til PPT har ein generelt sett fått tilbakemelding på at barnehagane og skulane er nøgd med sakshandsamingstida knytt til tilmelding og kartlegging ved sakkyndig vurdering. Det blir trekt fram at PPT er spesielt raske med å få i gong og gjennomføre oppstartsmøte (1-2 veker), men at ein i enkelte tilfelle har opplevd lang sakshandsamingstid i høve sjølve kartleggingsarbeidet. Revisjonen oppfattar derfor sakshandsaminga som stort sett tilfredstillande, men kommunen bør ha som mål at alle saker vert handsama innanfor gjeldande tidsfristar. Under kartleggingsarbeidet er det viktig at borna får tilpassa opplæring og at det vert sett i verk tiltak tidleg, noko ein fekk inntrykk av blei gjort i Sande.

## 6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:

### 6.7.1 Fakta

#### 6.7.1.1 Barnehage

PPT har utarbeida «Plan for kartlegging og oppfølging, tidleg innsats for å sikre god utvikling av språk og sosial kompetanse i barnehagen». Denne var utarbeida i 2015, og Vanylven har også teke i bruk denne planen. Planen inneholder framgangsmåte for val av verktøy for observasjon og kartlegging. Den inneholder obligatoriske kartleggingsverktøy og forslag til andre verktøy ved behov for ytterlegare kartlegging. Planen inneholder også generell informasjon om dei ulike kartleggingane/observasjonsskjema. Ein har motteke tilbakemelding med dei ulike styrarane ved barnehagane at den vert nytta og er eit godt verktøy, men at ein kunne ønske meir rettleiing i korleis ein skal bruke dei ulike kartleggingsverktøy.

I begge kommunane (Sande og Vanylven) har PPT også utarbeida prosedyre for å ivareta det enskilde barn under skulealder. Dokumentet inneholder prosedyrebeskriving og ansvar fra drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilmelding til PPT og utarbeidning av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i liten grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats.

### **6.7.1.2 Skule**

I samband med kommunen sitt ynskje om ei forbetring av leseopplæringa har kommunen utarbeida plan for god leseutvikling. Med denne ynskjer kommunen å opprette eit felles system for kartleggingspraksis på dei ulike einingane. Dette er ein liknande plan som ein såg var nytta i barnehagen, men i skuleplanen er kartleggingsverktøya tilpassa 1.-4.trinn. Planen inneheld framgangsmåte for val av verktøy for observasjon og kartlegging. Den inneheld obligatoriske kartleggingsverktøy og forslag til andre ved behov for ytterlegare kartlegging. Planen inneheld også generell informasjon om dei ulike kartleggingane/observasjonsskjema, og om korleis ein systematisk bør arbeide for å fange opp barn som ikkje utviklar seg som forventa.

I tillegg har ein skriftelege rutinar/prosedyre knytt til tidleg innsats i skulen. Planen gir ei prosedyrebeskriving med ansvar frå drøfting og refleksjon om korleis samla ressurs på skulane skal prioriterast til elevane sitt beste, kartlegging av elevar og heilt fram til evt. einskildvedtak og individuelle opplæringsplanar.

I samtale med rektorane stilte ein spørsmål om kva skriftelege rutinar ein hadde i høve tidleg innsats. Tilbakemeldingane knytt til dei skriftelege rutinane ovanfor var at dei var kjent for skulane, men at dei i varierande grad blei nytta i det daglege (avhengig av lærarar). I høve forbetringspunkt fekk ein tilbakemelding frå enkelte av skulane at ein ønskjer eit tettare samarbeid med PPT mtp. utarbeiding/revidering av overordna planar og skriftelege retningslinjer då ein tidvis føler at dei ikkje er godt nok tilpassa kvardagen til dei som skal nytte dei (lærarane).Enkelte planar blei derfor ikkje nytta aktivt av lærerane.

Som det går fram av dei skriftelege kartleggingsrutinane i gjennomfører rektorane ei litra generell kartlegging av kvar enkelt elev ved innskriving i skulen. Dette gir rektor eit overblikk over klassa og eventuelle elevar ein skal ha spesielt fokus på.

Ved enkelte av skulane deltek kontaktlærar på eit par timer i førskuleundervisninga i barnehagen slik at førskuleelevarane skal bli litt kjent med læraren. Ei slik deltaking forutsett at komande kontaktlærar er bestemt i god tid før skulestart.

Det vert også påpeika at ein har god dialog med PPT i høve korleis ein kan kartlegge sjølve og prøve ut tiltak innanfor den ordinære undervisninga før ein evt. vel å tilmelde.

Fire av skulane i kommunen og alle barnehagane deltek i PALS arbeidet og har fått rettleiing/innføring av PPT på dette området. Det ligg fleire skriftelege rutinar knytt til dette arbeidet.

Kommunen har også utarbeida prosedyre for å ivareta det einskilde elev i Sande. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av eleven si utvikling, til iverksetting og kartlegging i skulen til evt. oppmelding til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

## 6.7.2 Vurdering skriftelege prosedyrar:

### 6.7.2.1 Barnehage:

Kommunen og PPT har utarbeida skriftelege prosedyrar knytt til tidleg innsats. Plan for kartlegging og oppfølging er teken i bruk, men barnehagane ønskjer meir opplæring i dei ulike kartleggingsverktøya. I den samanheng vurderer vi det som viktig at PPT deltek i dette arbeidet og spesielt med tanke på bruk og innføring av kartleggingsverktøya i planen. Utan den nødvendige opplæringa/kompetansen vel barnehagane vekk dei kartleggingsverktøya ein ikkje føler seg trygge på og nyttar dei ein har god kjennskap til. Dermed får ein ikkje maksimal effekt av planen og spesielt i barnehagane med låg kompetanse kan dette vere ei utfordring.

### 6.7.2.2 Skule:

Kommunen og skulane har fleire skriftelege prosedyrar knytt til tidleg innsats og spesialundervisning. Fleire av desse planane er i stor grad utarbeida av PPT. Tilbakemelding frå einingane, viser at dei er i varierande grad nytta i kvardagen. Dette kan ha samanheng med at dei ikkje er tilpassa kvar enkelt og at einingane ikkje føler noko eigarskap til dei. PPT og kommunen bør vurdere om skulane/barnehagane burde få ta meir del i utarbeidingsa i høve planar og retningslinjer som skal nyttast. Dette for å sikre at dei blir tilpassa og implementerte på einingane. Dette kan resultere i at dei blir nytta meir aktivt i kvardagen. Kommunen bør derfor vurdere å revidere prosedyrane/planane i samarbeid einingane med formål om å gjere dei betre tilpassa og meir implementerte på einingane.

Skulane i kommunen nyttar PALS i skulekvardagen. PALS er ein skuleomfattande innsatsmodell. Den består av systematiske og effektive førebyggingstiltak som retter positiv merksemrd mot alle elevane på skulen. I Sande kommune er denne modellen innført på alle skulane og ein har fått tilbakemelding på at dette har vore med å betre læringsmiljø og trivsel, noko som kan ha positiv innverknad på elevane mht. tidleg innsats.

## 6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

### 6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Tilbakemeldingane viste at ein i stor grad var nøgd med dei sakkyndige vurderingane i samband med enkeltvedtak knytt til spesialundervisning.

Dei fleste rektorane og barnehagestyrarane meinte at dei sakkyndige vurderingane var gode og at ein har utbytte av dei. Alle gav tilbakemelding om at ein i dei aller fleste tilfelle følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeidning av enkeltvedtak, men fekk og tilbakemelding om at dei sakkyndige vurderingane tidvis kunne oppfattast som litt for generelle og ein kunne ønske at dei var meir «spissa» og detaljerte. Det blei også peika på at PPT burde ha meir elevkontakt retta spesielt mot klassen for å kunne avdekke utfordringar i klassesituasjonen.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at ved tilmelding og under kartleggingsprosessen har PPT eit tett samarbeid med skule/barnehage og foreldre/føresette der både skule/barnehage og foreldre/føresette får kome med innspel.

### 6.8.2 Vurdering

Barnehagar og skular opplever dei sakkyndige vurderingane som gode og at ein har eit godt samarbeid med både PPT og foreldre/føresette under kartleggingsprosessen. Tilbakemelding frå dei fleste einingane viste vert nytta i kvardagen.

PPT har eit tett samarbeid med einingane i samband med kartlegging og vurdering av tiltak, spesielt i oppstartsfasen slik at ein kan starte med å prøve ut tiltak tidleg. Derimot må kommunen sikre at PPT opprettheld si uavhengige rolle spesielt mtp. utarbeiding/vurdering av ressursbruk i dei sakkyndige vurderingane som enkeltvedtaka skal ta utgangspunkt i. Eit for tett samarbeid med einingane kan resultere i at PPT si sakkyndig vurdering vert påverka av den ressursen ein har tilgjengelig på dei ulike einingane.

### 6.9 Konklusjon:

PPT gjennomfører førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane på fleire måtar. Tilbakemeldinga frå einingane viser at dei både er flinke og engasjerte. Og ein fekk inntrykk ute på einingane at ein samarbeida godt med PPT og at dei var lett tilgjengelige.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule, mange av desse er utarbeida av PPT. PPT er også inne i både førskule og 1.klasse og observerer for å fange opp elevar med svake ferdigheter. Av utfordringar vert det vist til at enkelte av rutinane ikkje er godt nok implementerte på einingane og kommunen bør sette i verk tiltak for å betre dette.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka.

## 7 Problemstilling 2

*I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?*

### 7.1 Innleiing:

I dette kapittelet går det fram revisjonskriterium, data og vurderinger om korleis det er lagt til rette for god overgang mellom barnehage og skule. Kva som er gode overgangar vert utdjupa nedanfor i kapittel 7.2 der dei ulike revisjonskriteriene som vi har nytta for å belyse dette emnet går fram.

### 7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernslova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

#### 7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein særskilt viktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, «Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå barnehagar andre plassar i kommunen. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet er ikkje å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefaler ein plan på kommunenivå som inneheld premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefaler vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bla. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skulemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren sei derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Ein meiner det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre tausheitsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «*For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger.*». Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

### 7.2.2 Oppsummert:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synliggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

## 7.3 Obergangsplan mellom barnehage og skule

### 7.3.1 Fakta:

I samband med intervju av rektora og barnehagestyrarar etterspurte ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Ein fekk då tilbakemelding med alle einingane at ein hadde dette. Kommunen har ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Planane innehold tema/tiltak, innhald, tidspunkt og ansvar.

Sandsøy barnehage er plassert i saman med skulen på Sandsøy. Dette er også tilfelle på Kvamsøy og i Gjerdsøya. Hauemarka barnehage ligg relativt nært Larsnes skule, medan Haugelia barnehage er plassert i haugsbygda og er hovudsakeleg knytt til Barneskulen i Vågen.

Nedanfor går det fram ei oversikt over dei felles rutinane som går fram av overgangsplanen:

Tid	Kva gjer vi	Ansvar	Frist innan
Juni	Rektor kontaktar bhg for å få evt orientering om ressurskrevjande elevar dei komande åra	Rektor	15.juni
August	Overgangsrutiner nedfellast i årsplanen.	Styrar	31.aug
Sept/okt	Møte mellom skule/barnehage  (orientering/utveksling om arbeid med gruppe) Barnehagen orienterer om rutinene for overgang barnehage/skule på for overgang barnehage/skule på foreldremøte om hausten, og om bakgrunn for desse rutinene td. Når det gjeld ressurstildeling	Rektor  Styrar	15.okt  31.sept
Oktober	Barnehagen innhentar løyve til å gi vidare opplysningar om barnet til skulen. (samtykkeskjema)	Barnehagen v/styrar	1.nov

Nov/des	Søknad om ekstra ressurs (spes.ped timer/assistentressurs blir sendt til skulen. Barnehagen syter for oppmelding til PPT, skriv søknad i samarbeid med foreldra og skule. Evt. kartlegging/rettleiing frå PPT.	Barnehagen v/styrar i samarbeid med foreldra	1.des
Januar	PPT gjer ferdig sakkunig vurdering som skal følgje søknaden.	PPT v/sakshandsamar	1.mars
Februar	Tildeling av ressursar	Rektor	Siste frist 1.mai
April	Innskriving av 1.klassingar	Rektor	20.april
Mai/juni	Møte mellom skule/barnehage- dvs styrar/førskulelærar med ansvar for dei eldste i barnehagen, og rektor/klassestyrar for den komande 1.klasse.  Utveksling av informasjon om kva ein har arbeidd med i gruppa i barnehagen, både generelt og spesielt.  Info om enkeltbarn. Spesielle ynskje frå skulen i forhold til arbeid med dei eldste i barnehagen til neste år.  Avvikling av førskuledagar.	Skulen kallar inn	10.juni

Ein stilte også spørsmål om ein hadde rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at desse får same tilbodet som barnehageborna. Samtlige barnehagar ga tilbakemelding om at dei siste åra hadde alle borna i førskulealder gått i barnehage. Ein hadde derfor ikkje hatt behov for rutinar kring dette. Det går heller ikkje fram av overgangsplanen til kommunen. Det blei også trekt fram at små lokale forhold gjer at skule og barnehage har god oversikt over barna i kommunen.

### 7.3.2 vurdering:

Kommunen har utarbeida felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane har revidert planen i seinare tid og tilpassa den lokale forhold. Alle einingane ga tilbakemelding om at ein nytta overgangsplanane aktivt.

Det gjekk derimot ikkje fram av kommunen sin skriftlege overgangsplan rutinar i høve å fange opp barn som ikkje går i barnehage. Kommunen bør derfor implementere dette i overgangsplanen slik at det er tydeleg kven som skal undersøke og invitere førskule born som eventuelt ikkje går i barnehage.

## 7.4 Samarbeid mellom barnehage og skule.

### 7.4.1 Fakta:

Einingane har beskrive samarbeidet mellom barnehage og skule mht, overgang. Ein fekk i stor grad tilbakemelding om at denne overgangen fungerte veldig godt dei siste åra og at ein hadde tett samarbeid mellom skule og barnehage. Geografisk nærleik og overgangsplan mellom barnehage og skule blei peikt på som viktige faktorar i dette arbeidet.

Av utfordringar blei det trekt fram at det tidvis kunne vere ei utfordring å få skulane til å forstå viktigheita av informasjonen som barnehagane sitt på, og at enkelte barnehagar tidvis kunne føle at møter og liknande ikkje blei prioritert i høve førskulegruppa. Det blei derimot presisert at ved utarbeiding og implementering av overgangsplanen betra dette seg.

Ein fekk også tilbakemelding frå barnehagane at ein ønska meir informasjon frå skulen i etterkant av overgangen (i slutten av 1.trinn) for å få informasjon om opplegget i barnehagen har vore godt eller om det er avdekkta utfordringar med elevane som ikkje blei fanga opp i barnehagen. Slik informasjon vil kunne bidra til å betre kvaliteten i barnehagetenesta og gi dei mogelighet til å kunne justere/gjere endringar i opplæringsopplegget sitt.

#### **7.4.2 vurdering:**

Skular og barnehagar i kommunen beskrev samarbeidet mellom einingane mht. overgang barnehage og skule som godt. Alle einingane var innforstått med overgangsplanane i kommunen og brukar desse aktivt. I høve forbetringspunkt blei det frå barnehagane peika på at skulane må sikre at planen vert følgt og prioritert, då ein har fått tilbakemelding om at barnehagane tidlegare kunne oppleve at førskulen og aktivitetar knytt til denne ikkje blei prioritert av skulane.

Samarbeid og overføring av informasjon er eit særskilt viktig arbeid som står sentralt mht. å gi førskuleborna ein god introduksjon til skulekvardagen og får å sette i verk tiltak i høve tidleg innsats. Arbeidet kan også gi skulen stor nytteverdi, spesielt for kontaktlærar, då det gir ein moglegheit til å kunne bli kjend framtidig klasse og kunne gjere vurderingar tidleg i høve tilpassing av klassemiljø og undervisning. Skulen bør derfor prøve å avklare kontaktlærar til den komande førsteklassen så tidleg som råd og involvere vedkomande i overgangsarbeidet med barnehagen tidleg.

Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved endt førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det.

### **7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette**

#### **7.5.1 Fakta:**

Både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller oppmelding til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum to faste foreldresamtaler pr år og gjerne meir om ein føler ein treng det. I tillegg har ein eit felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barn og skule. Ein fekk tilbakemelding om at Leiar i PPT har teke del på desse møta med tema som går på samspel mellom barn og foreldre.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen mht. overgangssamtaler mellom ped.leiar og kontaktlærar.

I skule har ein også foreldremøter og utviklingssamtaler med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at det var låg terskel for å ta opp bekymringar med foreldre når ein er bekymra for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i høve sakkyndig vurdering og får kome med innspel.

I samband med leksehjelp såg ein ingen rutinar knytt til informasjonsoverføring mellom den som gjennomfører leksehjelpa og foreldre/føresette.

### **7.5.2 Vurdering:**

Alle barnehagane gav utsyn for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilmelding og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

## **7.6 Konklusjon**

Kommunen har utarbeida ein skrifteleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule.

I høve forbetringspunkt blei peika på at skulane må sikre at overgangsplanen vert følgt og prioritert, då ein kunne oppleve at førskulen og aktivitetar knytt til denne ikkje blei prioritert av skulane.

Tilbakemelding frå einingane viste at det meste av dialog/samarbeid i høve overgangen vert gjort mellom styrar og rektor. Kommunen bør vurdere om ein i større grad enn tidlegare bør prøve å involvere framtidig kontaktlærar meir i overgangsaktivitetane mellom barnehage og skule.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp og invitere førskulebarn som ikkje går i barnehage i høve overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.

Kommunen har skriftlege rutinar for å innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

## 8 Problemstilling 3

I kva grad tilfredsstiller PPT sakhandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

### 8.1 Revisjonskriterium:

I forvaltningslova §11 går det fram at « *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold. I saker som gjeld enkeltvedtak skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.*

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakhandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefaler at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakhandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakhandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolens informasjonssystem) eller KOSTRA.

#### Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilmelding av barnet til PPT

## 8.2 Fakta

I samband med prosjektet ønskte ein også informasjon om sakhandsamingstid og kapasitet. Det blei stilt følgjande spørsmål til administrasjonen/PPT:

- Kor mange tilvisingar/ tilvisingar hadde PPT dei fire siste skuleåra ( 12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor mange tilvisingar var i grunnskulen og kor mange var i barnehage/førskule?
- Kor mange sakkyndige utredningar har PPT gjennomført dei fire siste skuleåra ( 12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor lang er den gjennomsnittlege sakhandsamingstida frå tilmelding av førskule-skulelev til endeleg vedtak ligg føre?
- Kor raskt kjem ein i gong med kartleggingsarbeidet? Har kommunen hatt utfordringar siste åra med venteliste?

### 8.2.1 Saker og tilvisingar

Ein fekk tilbakemelding med leiar for PPT i Sande og Vanylven at ein ikkje har mogelighet til å hente ut oversikt/statistikk frå datasystemet som ein nyttar på nokon god og effektiv måte. Spesielt vanskeleg var det å skilje saker i dei to kommunane. Ein fekk derfor ei beskriving av situasjonen som går fram nedanfor. Tala er samla for både Sande og Vanylven.

I Sande og Vanylven hadde in våren 2017 totalt 140 saker der 26 av desse var knytt til barnehage (18%). PPT opplyste om at ein ser ei vriding mot at ein arbeidar meir inn mot

barnehage. Dette kan ha samanheng med at den nye stortingsmeldinga og at barnehagelovar no har fått inn i lova emnet spesialundervisning.

I høve utviklinga av aktive saker har ein hatt eit stabilt antal saker siste åra på ca 160 i året. Siste året har ein sett ein liten nedgang til 140 saker. Ei sak kan vere aktiv over fleire år. Siste skuleåra har eininga hatt ca 25-32 nye isolerte individssaker i skulen (1-5 klasse). Om ein samanliknar dei to kommunane har ein siste åra sett fleire tilmeldingar og fleire med vedtak om spesialundervisning i Vanylven enn i Sande.

### 8.2.2 Sakshandsamingstid og venteliste

I samtale med PPT leiar har ein fått tilbakemelding om at ein stort sett kjem raskt i gong etter tilmelding og ein gjennomfører oppstartsmøte 1-2 veker etter tilmeldinga. Dette blir bekrefta av barnehagen og skulane i kommunen, der ein har fått tilbakemelding om at PPT er veldig raskt på bana med oppstartsmøter, tiltak og dialog. Einingane i Vanylven er også i stor grad nøgde med sakshandsamingstida og det vert påpeika av fleire at ein er raskt i gong med å prøve ut tiltak under kartleggingsprosessen slik at borna/elevane allereie får oppfølging. PPT hadde ikkje venteliste og nye saker vert teke opp fortløpende. Ein fekk tilbakemelding frå PPT om at ein i stort grad held fristande, men det blei påpeika at ferieavvikling kan påverke sakshandsamingstida.

### 8.3 Vurdering

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet.

Det skal påpeikast at sakshandsamingstid i seg sjølv kan være ein dårlig indikator på kvaliteten på det tilbodet og arbeidet som blir gitt/gjort. Dette kan grunngjenvært blant anna i at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats kan vere med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at ein går inn med utprøving av ulike tiltak allereie i det som ein kallar bekymringsfasen. Dette kan føre til at ein opplever at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilvist til PPT. Særlig for foreldre kan dette være med på å gi ei oppfatning av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ein oppfatning av at ein er raskt i gong med tiltak.

### 8.4 Konklusjon

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. En kan derimot ikkje konkludere på om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

## 9 Anbefalingar:

- Kommunen bør vurdere om det skal oppretta faste møtepunkt mellom barnehageeiningerne og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
- Kommunen bør sette i verk tiltak for å få implementere prosedyre for å ivareta det enkilde barn under skulealder i større grad ute på einingane (barnehagane).
- Kommunen bør i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

## 10 Tilbakemelding frå rådmannen:

Kommentarar til forvaltningsrevisjonsrapport

### Samandraget:

Vedr. problemstilling 1:

Basert på tilstanden i Sande i 2013, der over 10% av elevane hadde spesialundervisning, og der kurva gjekk oppover år for år utover i skuleløpet, og klare forskningsbaserte konklusjonar (Nordahl m.fl.) som viste at 1/3 av spesialundervisninga var nyttig for eleven, 1/3 hadde ingen verknad, og 1/3 var direkte skadeleg for eleven vart det lagt ein strategi for å endre dette. Strategien la i hovudsak vekt på tidleg kartlegging og tidleg hjelp til den enkilde eleven innanfor det ordinære oppleget ved hjelp av tilpassa opplæring. Dette har frigjort ressursar som framleis er i skulen i Sande, men kan brukast fleksibelt. Dette har ført til ein klar nedgang i antal elevar på spesialundervisning – fordi elevane vert fanga opp av systemet utan å verte segregerte. Vi har lukkast rimeleg godt i dette, og jobbar no for å sikre at den tilpassa opplæringa er god nok.

Dette må sjåast i samanheng med det pågående omleggingsarbeidet i kommunen som vert avgjerande for ressursmessig handlefridom, tilgang på kompetanse m.m.

### Til pkt.3:

PPT vert tidleg og også uformelt kobla inn for å bidra til dei tilpassa opplegga, og er også med og reflekterer saman med personalet undervegs for å få til ei endå betre tilpassa opplæring.

### Til pkt. 5:

Erfaringa PPT har med faste møtetider tilseier at dette var sløsing med tid fordi det vart svært lite nytta på skulane. PPTer no tilgjengeleg på kort varsel (innan ei veke) når der er konkrete problemstillingar. Dette gjeld også i forhold til barnehagane.

### 5. Oppvekst- og kultursktoren

Pkt. 5.1: PPT i Sande og Vanylven har 3,4 fagstillingar og ingen vakansar pr. dato.

S.22 – systemretta og førebyggjande arbeid:

(siste avsnitt på sida) PPT deltek i VFL, men har ikkje halde foredrag om emnet. VFL er knytt til lærande nettverk 4 dagar i året (elevfrie) for alle pedagogar i skule, kulturskule og PPT i Sande. Dei lærande nettverka er gjennomførte etter dialogkonferansemodellen, og krev innsats på eigen skule/barnehage imellom nettverka.

s.24:

Tverrfagleg team er tilgjengeleg for barnehagane når dei måtte ynskje det og etter nærmere avtale.

Det er skulane i Vanylven som arrangerer foreldreskulen.

6.7.1.2 Skule:

Første avsnitt: PPT har ikkje utarbeidd ein plan for god leseutvikling, men har på oppdrag frå OPK-sjef utarbeidd ein kartleggingsplan for skule og ein for barnehage for å sikre og dokumentere tidleg hjelptil dei som treng det.

4. avsnitt:

Alle obligatoriske tiltak står i kartleggingsplanen, inklusive rektor sin samtale med eleven ved innskriving. Der finst i tillegg spesifikke testar i enkelt læreverk som kan brukast. Ein har også digitale kartleggingssystem som kan brukast.

6.7.2.2. Skule:

Siste avsnitt: Pr. dato er det 4 av skulane som jobbar etter PALS + alle barnehagane.

6.8.2 Vurdering:

Kommunen er svært tydelege på at ressurssituasjonen ikkje er og ikkje skal vere styrande for PPT sitt arbeid. Dei PPT-tilsette har høg integritet, og er svært bevisste på rolla si og mandatet sitt.

Kommunen er svært oppteken av at økonomiressursane vert forvalta til beste for elevane, og at kompetanseressursane vert forvalta til beste for eleven. Dette krev tett samarbeid og samhandling!

6.9 Konklusjon

All implementering tek tid (3-5 år) viser erfaringane. Det er ein stor og omfattande jobb å legg om strategiar og prosedyrer. Leiarane er nøkkelpersonar i dette arbeidet. Manglande stabilitet/kontinuitet her gjer prosessen lenger.

9. Anbefalingar

Vedr. leksehjelp:

Om ein tilbyr 2 timer i veka til leksehjelp i fire skuleår, har eleven fått tilbod om 8 timer leksehjelp, som er kravet i forskrifta (§1A-1). Gjerdsvika gav i 2016/17 leksehjelp i 2.-4. klasse fordi der ikkje var førsteklassingar ved skulen.

**Kommunen vil elles gå gjennom anbefalingane nøyne for evt. endre praksis der det trengst.**

Øystein Johansen, OPK-sjef

## 11 Revisjonen sin kommentar:

På bakgrunn av tilbakemeldinga har rapporten vore endra på følgjande punkt:

Pkt. 5.1 PPT I Sande: endra frå 3,8 fagstillingar (0,4 stillingar vakant) til 3,4 fagstillingar.

Pkt. 6.6.1.2 Første avsnitt: Fjerna at PPT har halde foredrag for skulane i «Vurdering for læring».

Pkt. 6.7.1.2 Skule første avsnitt: Endra frå PPT til at kommunen har utarbeida plan for god leseutvikling.

Fjerde avsnitt: Endra mht. at innskrivingsrutinen knytt til skulestart inngår i kommunen sine skriftlege rutinar.

Pkt. 6.7.2.2 Skule: Endra frå alle skulane ( 5), til 4 av skulane + alle barnehagane nyttar PALS.

Vedr.leksehjelp: Har endra rapporten både i avsnitt, konklusjon og samandrag, samt fjerna siste anbefaling.